

Bli med på SIM sin ryddedugnad!

16.01.2009



Objekter som bør fjernast frå naturen er å finna også i Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

SIM oppmodar no også kvinnheringane til å bli med på ryddedugnad dette året. I fjar hadde dei ein tilsvarende dugnad på Børmlø og Fitjar med godt resultat. I fyrste omgang ønskjer dei innspel om områder som ein meiner bør ryddast og som har manglante rydding i dag. Slike finst også i Uskedalen!

- Målet er å få sett avfall på dagsorden og få innbyggjarane til å engasjera seg for ein endå reinare, ryddigare og trivelegare heimkommune, seier Arild Vik i SIM i ei pressemelding..

Hvis ein ønskjer å rydda eit område, vil SIM prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Det kan bety kostnadsfri levering dersom det er uklart kven som eigentleg skulle ha betalt.

I enkelte tilfelle kan det og bety hjelp med transport. Hvis 'eigaren' av boset er ukjent vil SIM prøva å finne vedkommande for å gje råd om levering og foreslå løysingar.

Døme kan vera avfall i naturen, villfyllingar, bilvrak og forsøpla strender.

- Ingen innspel er for små, ingen for store, held selskapet fram i annonsen der det blir gjeve nærmere oplysningar om korleis ein skal ta kontakt.

Ryddeaksjonen er finansiert med fondsmidlar som SIM-styret har sett til sides. I utgangspunktet er det den som 'eig' avfallet som skal betala men hvis dette er uklart kan pengane frå fondet koma til nytte.

Av Ola Matti Mathisen